



Helse Førde HF
Adminstrasjon

Besøksadresse:
Nautstalsvegen 6
6800 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse, Sogn og Fjordane v/ leiar Ragnhild- Lise Korsvoll
Mental Helse i Sogn og Fjordane v/ leiar Gerd Bjørkedal
Rusettervernet i Sogn og Fjordane ved fylkessekretær Eystein Udberg

Vår ref: (oppgi ved kontakt)
2017/2285 - 20436/2017

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Randi Holsen Solheim,
df: 57839507

FØRDE,
20.06.2017

Brukarmedverknad på systemnivå i Helse Førde - svar til brukarorganisasjonane

Syner til brev av 10.juni d.å., der de peikar på mangelfull brukarrepresentasjon til utval og prosjekt i helseføretaket.

Som de er kjende med er felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane oppnemnd av Koordineringsrådet. Prosess for oppnemning av nytt utval starta medio juni 2016 med invitasjon til innmelding av aktuelle kandidatar frå brukarorganisasjonane. Med tilvising til retningslinjene vart Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) oppfordra om å gjere framlegg om 4 medlemmer, og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO) til å melde framlegg om 2 medlemmer – begge paraplyorganisasjonane skulle også melde inn varamedlemmer bunde til desse.

I svarbrev frå organisasjonane mottok ein ikkje framlegg om medlemmar frå Mental Helse og Rusettervernet i Sogn og Fjordane. Frå LPP vart det innmeld ein kandidat som også vart oppnemnd til brukarrepresentant, og som no er medlem i brukarutvalet.

Oppsummering:

Felles brukarutval i Sogn og Fjordane har funksjonsperiode 1.01.2017 – 31.12.2018, og har samansetning i samsvar med innmelde kandidatar frå dei ulike brukarorganisasjonane.

Om brukarmedverknad i prosjekt, råd og utval:

I samband med konstituering av det nye utvalet, vart det i fyrste brukarutvalsmøtet i februar også føreteke fullstendig gjennomgang av manglande brukarrepresentasjon til prosjekt, råd og utval i Helse Førde. Her vart «Retningslinjer for vurdering av brukarmedverknad på systemnivå» lagt til grunn. Til dykkar informasjon er desse retningslinjene utarbeidd i samarbeid med tidlegare felles brukarutval, som også etablerte praksis om at oppnemning av brukarrepresentasjon er brukarutvalet sitt ansvarsområde. I desse retningslinjene heiter det at aktuell leiar skal kontakte Brukarutvalet v/ leiar og sekretær for innmelding av behov for brukarrepresentasjon, og at leiar for brukarutvalet har ansvar for oppnemning av representantar.

I dykkar skriv syner de elles til at andre helseføretak nyttar «ressurspersonar utanfor Brukarutvalet for at viktige erfaringar og kunnskap kan brukast til utvikling av gode tenester innan ulike fagfelt.» I retningslinjene for oppnemning av slik systematisk representasjon er det også nedfelt at «Brukarrepresentanten representerer interessene på vegne av alle brukarane i helseregionen, og representanten kan vende seg til Brukarutvalet i spørsmål som treng